



HELLEBAKKEN 45  
5039 BERGEN  
TELEFON: 55 39 29 50  
FAKS: 55 39 29 59  
E-POST: FIRMAPOST@BOF.NO  
NETTSIDER: WWW.BOF.NO

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690,  
5936 MANGER

Vår ref.: 03-1/19-LET

Deres ref.:

Dato: 21.03.2019

## **FAGNOTAT – UTBETRING AV VEGTILKOMST OG PARKERINGSPLASS I TOSKA FRILUFTSOMRÅDE, RADØY KOMMUNE**

*Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan som har til oppgåve å sikre, tilretteleggje, informere og stå for dagleg drift av bade- og friluftsområde i Bergensregionen. Rådet, som vart etablert i 1937, har totalt 17 deltakarkommunar: Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Fjell, Fusa, Lindås, Meland, Os, Osterøy, Kvam, Radøy, Sund, Tysnes, Samnanger, Vaksdal og Øygarden. Rådet forvaltar nærare 240 friluftsområde med eit samla areal på over 36.000 dekar. Friluftsrådet vert leia av eit styre med representantar frå deltakarkommunane.*

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) forvaltar Toska friluftsområde i Radøy kommune på vegne av Staten v/ Miljødirektoratet (området er eit statleg sikra friluftslivsområde). Området består av ein liten parsell, som fungerer som parkeringsplass. Like utanfor ligg eit større areal (sjølv Toska friluftsområde, 43/66), som igjen grensar til endå eit areal – Uttoskavågen friluftsområde (43/99). Frå parkeringsplassen kan ein gå på tur i utmark gjennom Toska og Uttoskavågen friluftsområde. Sjølv Uttoskavågen og vågen mellom dei to friluftsområda er mykje brukt som ei lun uthamn for båtfolket. Der er det òg tilrettelagd med ei fortøyingsbøye (svai-) for dei som kjem sjøvegen.

Like sør for parkeringsplassen ligg det òg ei badevik, som dei seinare år har fått betra tilretteleggingstilhøva og medfølgjande bruk av ålmenta.

Vegen fram mot friluftsområdet er kommunal i starten, mens siste strekket inn mot parkeringsplassen er privateigd, med fleire aktørar som brukar vegen. Denne vegen og parkeringsplassen er i svært dårleg stand og har eit stort behov for ei oppgradering. Primært bør den òg asfalterast, sekundært bør den få eit nytt gruslag.

Ved å utbetre vegtilkomsten fram til, og på sjølv parkeringsplassen, så vil det betre situasjonen for dei besøkjande, som kjem landevegen, for å besøkje dei to friluftsområda.

Under følgjer eit kostnadsoverslag for oppgradering av tilkomst veg og parkeringsplass. For BOF er det vanskeleg å få økonomisk støtte til tilrettelegging knytt til parkeringsareal. **BOF ber hermed Radøy kommune om økonomisk tilskot, for å få utbetra vegtilkomst og parkeringsplass i Toska friluftsområde – på kr 300.000,- (inkl. asfaltering av parkeringsplassen).**

## **TOSKA FRIOMRÅDE**

### **Kostnadsoverslag for oppgradering av tilkomst veg og parkeringsplass.**

Oppgradering av ca. 300 meter tilkomst veg inkl. nødvendig grøftereinsk.

Ca. 30 meter av vegen har dårlege grunnforhold, slik at der bør berelaget forsterkast med f. eks. geonett.

Oppgradere ca. 450 m<sup>2</sup> parkeringsplassen inkl. nødvendig grøftereinsk.

Estimert kostnad med topp dekke av grus 0-16. Kr. 150.000,-

Estimert kostnad med min. 100 kg/m<sup>2</sup> asfaltdekke Kr. 300.000,-



Figur 1: Oversiktskart over tilkomst veg og parkeringsplass-areal i Toska friluftsområde. Kart henta frå BOF si forvaltingsløyising: bof.avinet.no.

Med venleg helsing  
Bergen og Omland Friluftsråd

*Lars Torgilstveit*  
Lars Torgilstveit  
Driftsplanlegging

**Bergen og Omland Friluftsråd**  
Hellebakk 45, 5039 BERGEN  
Tlf.: 55 39 29 50 Fax: 55 39 29 59  
Foretaksreg.: NO 871426732 MVA

